

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	18.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/524	14/5797

### Plansak 12602011000500 - detaljregulering - Snekkevika hyttefelt - 2. gongs handsaming

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Detaljplan for Snekkevika vert godkjent for utlegging til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Før utlegging må følgjande endrast:

1. Planområdet må utvidast slik at det dekkjer det området som ligg i gjeldande reguleringsplan frå 1985.
2. Punkt 2.7 må ut av føresegnene då det berre er gjentakning av det som allereie er del av lov om kulturminne.
3. Punkt 5.5 og 5.6 om turveg må presiserast.

Grunngjeving av vedtaket er at planframlegget er i tråd med overordna plan for området.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Framlegg til ny reguleringsplan for Snekkevika hyttefelt har vore ute til fyrste gongs høyring og offentlege ettersyn. Det er komme mange innspel og merknader til planframlegget samt motsegn frå kulturminnemynda Hordaland fylkeskommune. Ved undersøkingar innafør planområdet er det funne fleire steinalderbusetnader som er automatisk freda kulturminne.

##### Vurdering

Det er komme inn følgjande innspel til planframlegget i samband med høyring og offentleg ettersyn:

##### Fiskeridirektoratet

Gjer merksam på at Lurefjorden/lureosen er registrert gyteområde for torsk. Dei kan likevel ikkje sjå at eventuell regulering for ei mindre småbåthamn i Snekkevika vil representere noko større trugsmål mot bevaring av gyteområdet, og har såleis ingen vidare merknader til oppstartsmeldinga. Ber om å få oversend plankart og føresegner på offentleg ettersyn.

*Planleggjar sitt svar:*

Vert tatt til orientering. Planen vart oversend Fiskeridirektoratet 13.05.14, då dei ikkje hadde motteke planen på offentlig høyring. Deira fråsegn vert teke med i planarbeidet når den kjem inn til kommunen.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

**BKK:**

Innanfor planområdet har BKK høgspenninglinje som ligg i ytterkant av planområdet ved avkøyrse. Desse må takast omsyn til. Leiingane har eit byggeforbodsbelte på 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til kvar side frå senter avhengig av faseavstanden. BKK ber om at traseen med byggeforbodsbeltet må registrerast i planen som arealføremål trasé for nærare gitt teknisk infrastruktur. Det er sannsynleg at eksisterande straumfordelingsnett i området må forsterkast/oppgraderast for å forsyne framtidig utvikling. Det må difor vurderast areal til å etablere ny nettstasjon i området. Ein ny nettstasjon må plasserast minimum ein meter frå vegkant og utanfor vegens frisisiktsone. Storeleiken på nettstasjonen vil vere opptil 2,5 x 4 meter. Spenningsnivået for leiingsanlegga må ikkje påførast plankartet.

*Planleggjar sitt svar:*

Høgspenninglinja vest i planområdet vert lagt inn i plankartet med omsynssone. Omsynssona er sett 8 meter ut til kvar side frå senterlinja på leiingane. Byggeforbod i føremålet er sikra i føresegnene. 2. Det er sikra i føresegnene at ny nettstasjon kan etablerast i planområdet. Spenningsnivå vert teke ut av kartet.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

**Bergen og omland havnevesen:**

BOH vurderer berre dei sidene av planen som rår sjøområdet. Plankartet viser ikkje konkrete tiltak, og BOH ber difor om å få oversend teikningar når desse er ferdig utarbeidd. BOH kan ikkje sjå at planarbeidet på dette stadiet vil kome i konflikt med interessene som BOH er sett til å ivareta. BOH minnar om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleike eller framkomelegheita i sjøområdet krev tillating frå BOH, jf. Hfl § 27, første ledd. Ei orientering om dette bør takast med i føresegnene.

*Planleggjar sitt svar:*

Vert tatt til orientering. Det er sikra i føresegnene at søknad om tiltak i sjø skal sendast BOH i god tid før tiltak skal iverksetjast.

Rådmannen sin vurdering:

Tilhøve som er sikra gjennom hamne- og farvasslovea (Hfl) skal ikkje gjentakast i planføresegnene. Søknadsplikt til BOH skal ikkje vere del av føresegnene til detaljplan for Snekkevika.

**Fylkesmannen i Hordaland:**

Fylkesmannen har ingen merknader til planforslaget.

*Planleggjar sitt svar:*  
Vert tatt til orientering.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

#### **Statens vegvesen:**

Kryssningspunktet mellom eksisterande fylkesveg (fv 565) og tilkomstveg til Snekkevika inngår i planområdet. SVV ser det som ynskjeleg at svingradius (R=9 meter) vert markert i plankartet. SVV krev at ordlyden i føresegnene § 2.4 vert endra til «Saman med søknad om rammeløyve skal det sendast inn byggteknisk detaljplan for kryssområdet til eksisterande fylkesveg og ny møteplass ved fylkesvegen. Detaljplanen skal godkjennast av SVV før noko arbeid i marka vert sett i gang.»

*Planleggjar sitt svar:*

I plankartet er svingradius R=7 meter markert. Dette oppfyller ikkje den optimale svingradius som ønska av SVV men tiltaket medfører likevel ei betring av trafikksituasjonen i krysset. Trafikkauken som følgje av planforslaget er rekna til 0,94 ÅDT, ei minimal auke. Ordlyden er endra som foreslått.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

#### **Arthur Størksen, grunneigar i planområdet**

Merknadsstillar eig gnr. 64 bnr. 38 og 50. Det er teikna inn ny veg over eigedommen gnr. 64 bnr. 50 utan at han er spurd om å gje grunn til slik veg. Vil at stien som er teikna inn i reguleringsplanen frå 1985 skal behaldast. Ynskjer å behalde området slik det er i dag, som eit roleg rekreasjonsområde. Hyttefelt i Snekkevika vil medføre mye aktivitet og støy i byggeperioden, og meirtrafikken vil bli betydeleg. Størksen er imot ei reguleringsendring som medfører at lagets opparbeidde veg vert nytta som tilkomstveg for hytteutbygging på gnr. 64 bnr. 86.

*Planleggjar sitt svar:*

Forslagstillar er grunneigar i området. Ein annan vegtrasé i området er ikkje realistisk, då den vil komme i konflikt med LNF-område i overordna plan (kommuneplanens arealdel for Radøy). Eksisterande vegtilkomst er venteleg den beste å nytte i samband med etablering av hyttefelt i tråd med vedtaket til Radøy kommune. Ved å nytte denne vegen vil ein heller ikkje råke urøyr natur. Som vist i planskildringa vil trafikken i samband med det planlagde hyttefeltet verte minimal. Sidan planforslaget var på offentleg ettersyn er no talet på hytter redusert til 10, og det vert såleis mindre trafikk i området.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

#### **Gerd Kartveit, eig båtfeste på nausttomt gbnr 64/28**

Kartveit har vegrett til denne tomta. I gjeldande plan for Snekkevika er det regulert inn gangveg heilt frå naustområde E1 og fram til nausttomta. Denne gangvegen er ikkje teikna inn i den nye planen. Ho går ut ifrå at denne retten ikkje fell bort når gangvegen ikkje er teikna inn i planen.

*Planleggjar sitt svar:*

Vegrettar fell ikkje bort sjølv om dei ikkje er teikna inn i plankartet. Stiane er ikkje viste i plankartet, men det er no utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser ei vidareføring av dei fleste av stiane frå

gjeldande plan.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

**Helge Arne Kolås, eig nausttomt gbnr. 64/28**

1. Planforslaget viser ikkje stisystemene som er vist i gjeldande plan. Planforslaget har plassert ei hyttetomt slik at denne kutter regulert sti til hans nausttomt. Merknadsstillar ber om at alternativ trasé vert vist i planforslaget, og at forslaget vert send til begrensa høyring til råka partar før vedtak.
2. Er overraska over storleiken på småbåthamna f\_SH2. Han kan ikkje sjå at storleiken på dette sjøområdet står i forhold til dei begrensingar som er gitt i føresegnene. Framtidig plassering av flytebrygger må ikkje hindre/forstyrre merknadsstillars eigedom sin frie tilgang til/frå sjø og den framtidige utnyttinga som gjeldande reguleringsplan opnar for. Moglege konflikter kan unngåast dersom avgrensinga av SH2 mot NV vert vridd lenger mot sør. Merknadsstillar ber om at f\_SH2 vert utvida mot nordvest og at det vert opna for flytebrygge med landfeste også på hans eigedom. Føresegnene må presisere tilstrekkeleg avstand og orientering på flytebrygger innan SH2, i forhold til nabointeressar. Endringsforslag må på høyring.
3. Som medlem av Snekkevika båt- og interesselag kan merknadsstillar ikkje akseptere tilkomstveg til nytt hytteområde over lagets eigedom.

*Planleggjar sitt svar:*

1. Planforslaget er justert etter offentleg høyring. Planforslaget er no redusert til 10 hyttetomter. Hyttetomta ved 64/28 er tatt ut av planen. Det er no utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser stiar i området.
2. Føresegnene sikrar at det ikkje kan etablerast fleire enn 13 båt plassar i småbåthamna.
3. Vert tatt til orientering.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

**Knut-Arve Kartveit, eig g/bnr 64/79**

1. Kartveit har kjøpt parkeringsplass og vegrett til denne hyttetomta, er medlem i båtlaget, og har vegrett heilt fram til hytta. Han stiller spørsmål ved kvifor gangvegen frå gjeldande plan ikkje er teikna inn i kartet i planforslaget.
2. Ved eventuelt godkjenning av ny reguleringsplan kan vegproblemet løysast med felles veg fram til merknadsstillars hyttetomt og dei andre hyttene, slik at ein ikkje treng å lage fleire vegar enn dei som er i den nye reguleringsplanen. Det er då ein føresetnad at vegen vert teikna heilt fram til merknadsstillar si hyttetomt.
3. Ynskjer å plassere hytte på tomte ca. 4 meter frå grensa oppå den flaten slik at han ikkje må plassere hytta i det brattaste terrenget der det dessutan er eksisterande vegrettar for andre eksisterande naust, båtfesterettar og hytte som er oppført tidlegare. Merknadsstillar håper på positivt samarbeid frametter.

*Planleggjar sitt svar:*

1. Gangvegane er ikkje teikna inn fordi det ikkje finst juridisk linje for «sti» for plankartet. Det er no utarbeidd ein illustrasjonsplan der eksisterande stiar i området er teikna inn og dei fleste stiane i gjeldande plan er vidareførte.
2. Hordaland fylkeskommune har registrert fleire automatisk freda steinalderlokalitetar i området. Vegtraséen og plasseringa av hyttetomtene er difor endra etter at planen var på offentleg ettersyn.

3. Ein av steinalderlokalitetane som er funne i området ligg på tomt 64/79. Denne er difor ikkje lenger vist som hyttetomt i planforslaget.

Rådmannen sin vurdering:

Innstilling til vedtak i saka er å leggje planframlegget ut på ny høyring.

**Peter Hoff, grunneigar**

1. Merknadsstillar er positiv til fortetting av hytter i Snekkevika.
2. Ønskjer veg vidare ut til 64/34.
3. Ønskjer deling av tomt 63/34 med naustetomt i Jekteviken til frådelt tomt.
4. Søkjer om tillating til å bygge hytte på frådelt tomt.
5. Søkjer om naustetomt på eksisterande 64/34 ved sidan av 64/79, ei forlenging av E3, og søker om å få oppføre naust.

*Planleggjar sitt svar:*

1. Vert tatt til etterretning.
2. Nord for slik det nye hyttefeltet no er teikna ligg automatisk freda steinalderlokalitetar. Desse er freda etter Kulturminnelova, og etablering av køyreveg i dette området vil krevje dispensasjon frå Kulturminnelova.
3. Vert tatt til orientering.
4. Vert tatt til orientering.
5. Vert tatt til orientering.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merkningen til vitande.

**Snekkvika Båt- og Interesselag**

1. Merknadsstillar har ikkje motførestillingar ved reguleringsplanens forslag om fortetting av fritidsbustader. Det må imidlertid finnast ein annan adkomsttrasé for desse. Planforslaget kan ikkje realiserast med tilkomstveg over merknadsstillars område.
2. Det er ikkje plass til meir biltrafikk på merknadsstillars eigedom enn det som var planlagt i gjeldande plan. Merknadsstillar ønskjer parkeringsareal for eigen aktivitet på eige område.
3. Det er for stor risiko å blande gjennomgangstrafikk med merknadsstillars etablerte aktivitet i og rundt småbåthamna. Gjennomgangstrafikk er ikkje i overensstemming med born og unge sine interesser. Området vert nytta av denne aldersgruppa til organisert og uorganisert aktivitet.
4. Merknadsstillar har tinglyste rettar og plikt for arealet som dei eig vedrørende tilkomstvegen.

*Planleggjar sitt svar:*

1. Forslagstillar er grunneigar i området. Eksisterande veg er per i dag einaste moglege tilkomstveg til hytteområdet. Ein annan vegtrasé i området er ikkje realistisk, då den vil komme i konflikt med LNF-område i overordna plan (kommuneplanens arealdel for Radøy). Eksisterande vegtilkomst er venteleg den beste å nytte i samband med etablering av hyttefelt i tråd med vedtaket til Radøy kommune. Ved å nytte denne vegen vil ein heller ikkje råke urørd natur.
2. Det er lagt opp til 10 nye hytter i området, eit avgrensa tal for eit hyttefelt, og det vil såleis også vere snakk om eit avgrensa tal bilar.
3. Utrekninga av framtidig trafikk viste eit dagsgjennomsnitt på 0,94 bilar. Dette må seiast å vere ei minimal auke. Ved Kjesettjørna vert det lagt opp til etablering av felles samlingsplass der ein kan grille og liknande, noko som vil vere tilgjengeleg for ålmenta, og som ikkje minst er eit bra tiltak for barn og unge.
4. Vert tatt til orientering.

Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

### **Solfrid Kartveit, eigar av gbnr. 59/1**

1. Merknadsstillar er eigar av gbnr. 59/1, og eig vegen frå riksvegen og ned til elva som går ut i Kjesettjørna. Snekkevika Båt- og Interesselag har bruksrett til vegen. Det er difor grunneigarane som eig vegen og som bestemmer kven som eventuelt kan kjøpa bruksrett i denne vegen. Planforslaget vil medføre meir trafikk og støy.
2. Merknadsstillar ser det som naturleg at alle kostnader med å utbedra avkøyrsla ved fylkesvegen og opprusting av vegen vert belasta prosjektet dersom planforslaget vert vedtatt. Det må også setjast opp gjerde langsmed vegen me avkøyrsler for traktor mot innmarka og grind i gjerdet for å hindra dyr i å koma ut i vegen.
3. Merknadsstillar har båtfeste på gbnr. 64/28. Merknadsstillar skal kjøpe vegrett fram til E1 i gjeldande plan og parkeringsplass i E1 til dette båtfeste. Lurer på kvifor gangvegen frå naustområde E1 og fram til nausttomta hennar, som var teikna inn i gjeldande plan, ikkje er merka av i dette plankartet. Merknadsstillar har også vegrett fram til denne nausttomta.
4. Då forslagsstillar for planen kjøpte tomte frå Arthur Haugstad gjekk vegretten frå hovudbruket til utmarksteigen over Haugstad sine utmarksteigar. Det er difor naturleg at det planlagde hyttefeltet nyttar denne vegretten. Det er naturleg at ny veg til hyttefeltet vert bygd frå Haugstad og ikkje over merknadsstillars eigedom.

### *Planleggjar sitt svar:*

1. Forslagstillar er grunneigar i området. Eksisterande veg er per i dag einaste moglege tilkomstveg til hytteområdet. Ein annan vegtrasé i området er ikkje realistisk, då den vil komme i konflikt med LNF-området i overordna plan (kommuneplanens arealdel for Radøy). Eksisterande vegtilkomst er venteleg den beste å nytte i samband med etablering av hyttefelt i tråd med vedtaket til Radøy kommune. Ved å nytte denne vegen vil ein heller ikkje råke urørd natur. 10 hytter utgjer ein svært avgrensa storleik på eit hyttefelt, og vil medføre minimal auke i biltrafikken i området.
2. Det er knytt rekkefølgekrav til planen om opparbeiding av vegareal.
3. Det er no utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser stiar i området.
4. Forslagstillar er grunneigar i området. Eksisterande veg er per i dag einaste moglege tilkomstveg til hytteområdet. Ein annan vegtrasé i området er ikkje realistisk, då den vil komme i konflikt med LNF-området i overordna plan (kommuneplanens arealdel for Radøy). Eksisterande vegtilkomst er venteleg den beste å nytte i samband med etablering av hyttefelt i tråd med vedtaket til Radøy kommune. Ved å nytte denne vegen vil ein heller ikkje råke urørd natur.

### Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

### **Hordaland fylkeskommune:**

Fylkeskommunen har handsama saka i møte i kultur- og ressursutvalet 12. november 2013. Utvalet ber om at planen vert justert slik at omsyn til ålmenne interesser vert ivaretatt. I tillegg vert det fremja motsegn på grunn av konflikt med automatisk freda kulturminne.

HFK ber om at planen vert justert slik at omsynet til ålmenta vert ivareteke:

- Plangrensa bør endrast slik at den omfattar tilkomstvegen til friområdet i nord, og slik at det vert regulert inn turveg.
- Rår til at det vert regulert inn gangvegar, turvegar eller stiar som følgjer opp gjeldande reguleringsplan.
- Tilrår at områda til felles uteopphald vert regulert som friområde og at ålmenne tilgjenge til friområda vert spesifisert i føresegnene.
- Rår til at det vert regulert areal til leik.

- Rår til at naustområda vert regulert som ein del av denne planen, med oppdaterte føresegner om tilgjenge, storleik og utforming.
  - Rår til at landskapstilpassing av nye byggjetiltak vert inkludert i føresegnene.
  - Rår til at det vert presisert i føresegnene at parkeringsplassen kan nyttast av ålmenta.
- HFK går til motsegn til planen grunna konflikt med fem automatisk freda kulturminne. Motsegna kan trekkast dersom plankart og føresegner vert endra i tråd med Hfk sine krav.

#### *Planleggjar sitt svar:*

Følgjande endringar er gjort i planen for å ta omsyn til ålmenta:

- Plangrensa er endra slik at den omfattar tilkomstveg til friområdet nord for vika
  - Ganvegar/stiar er ikkje viste i plankartet. Det er utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser eksisterande turveg, eksisterande sti til den eksisterande fritidsbustaden i nordaust, og som vidarefører dei fleste stiane frå gjeldande plan.
  - Områda for felles uteopphald er endra til føremål friområde. Det er sikra i føresegnene at friområda er for ålmenta.
  - Det vert ikkje regulert areal for leik i planen. I området f\_FO1 kan det etablerast samlingsplassar i form av bålplassar, benkar og liknande. Elles er området godt eigna til fri leik.
  - Naustområda vert ikkje regulert som ein del av denne planen, då dei er svært ulike i skala og grad av eksisterande opparbeiding.
  - Det er sikra i føresegnene at byggjetiltak skal tilpassast landskap og terreng.
  - Det vert no presisert i føresegnene at parkeringsplassen i hyttefeltet kan nyttast av ålmenta.
- Plankart og føresegner er endra i tråd med HFK sine krav.

#### Rådmannen sin vurdering:

Rådmannen tek merknaden til vitande.

13. februar 2014 var representantar frå Radøy kommune og OPUS Bergen AS på dialogmøte med representantar frå planseksjonen og kultur og idrettsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune. Fylkeskonservatoren leia møtet. Føremålet med møtet var å diskutere mogelege løysingar i høve merknad gjeve til planframlegget og varsel om motsegn knytt til kulturminne. Konklusjonen var at planen kan endrast eller det kan søkjast om å frigje kulturminna.

Tiltakshavar har gått inn for å endre planen i tråd med merknadar og anbefalingar frå Hordaland fylkeskommune. Det er lagt omsynssone for kulturminne på dei områda der det er funne spor etter steinalderbusetnadar og tilkomst til friområde er lagt inn i planen. Plankartet er no godkjent av Hordaland fylkeskommune og motsegna vert trekt. Dette er stadfesta i brev til kommunen 03.06.2014. Det gjev kommunen mogelegheit for å handsama saka vidare.

Endringane som no er gjort i tråd med merknad frå fylkeskommunen får konsekvensar for naboeigedomane. Mellom anna er arealføremål bytta frå friområde til byggjeområde for fritidsbustad og vegen inn i feltet er lagt om i tillegg til at tilkomsten frå nord til badeplassen i Snekkevika er teken med. Rådmannen vurderer endringane slik at planen må ut på ei ny høyring.

#### **Plankartet**

Plangrensa er utvida etter merknad frå Hordaland fylkeskommune om å ta i vare ålmenne friluftinteresser. Turveg frå fylkesvegen og ned i badevika er teke med om ein smal arm. Denne må

utvidast slik at den dekkjer det området som ligg i gjeldande reguleringsplan frå 1985. Planområdet må vere likt eller større enn den gamle reguleringsplanen lik at me ikkje får to planar som ligg oppe på kvarandre. Den nye planen må heil erstatte den gamle.

### **Føresegnene**

Etter at plankartet vart endra i tråd med lov om kulturminne er og føresegnene endra. Det er teke inn eit punkt under § 2 om automatisk freda kulturminne. Dette må ut då det berre er gjentaking av det som allereie er del av lova. Punkt 2.7 må ut av føresegnene.

Planen har no teke inn turveg frå fylkesvegen nord for Snekkevika og ned til badevika. Punkt 5.5 og 5.6 om turveg må presiserast slik at det går tydeleg fram kva for tiltak som skal etablerast. Utforming og breidde må inn i begge punkt.

### **ROS-analyse**

I planskildringa er det lagt inn ROS-analyse for området. Det er avdekka ei viss fare for høg vasstand og stormflo. Nye byggetiltak i området er plassert på areal som ikkje ligg heilt i sjøkanten, men noko høgare i terrenget. Småbåthamn må utførast lik at det tolar ulike havnivå. Trafikkfare er avdekka i avkjørsle frå fylkesvegen. Det er planlagt utbetring av krysset. Fleire av merknadsstillarane peiker på fellesvegen inn til feltet og at den ikkje tolar meir trafikk. Rådmannen forutsetter at planleggjar har dimensjonert vegsystemet i planen for 10 ekstra hytter. Det er teke inn ei branngate for å sikre mot skogbrann som er avdekka som ei fare i overordna ros-analyse for Radøy.

### **Konsekvensar av planframlegget**

Framlegg til plan for fortetting av byggjeområde for fritidsbustader er i tråd med kommuneplan for Radøy. Området er allereie regulert og delvis bygt med fleire naust, hytter, småbåthamn og infrastruktur.

Konsekvensane av planframlegget vert størst for dei andre grunneigarane i planområdet. Fleire fritidsbustader i området vil føre til auka aktivitet og trafikk. Nokre tykkjer det er bra, medan andre ser det som ein ulempe.

Rådmannen vurderer framlegg til revidert detaljplan for Snekkevika i tråd med gjeldande kommuneplan og no i tråd med kulturminnelova.

### **Konklusjon**

Rådmannen ser at planen er så endra at det er krav om utlegging til ny høyring og offentleg ettersyn. Innstilling til vedtak er difor å leggje detaljplan for Snekkevika ut til 2. gongs høyring og offentleg



ettersyn.

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 051/2014**

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **PLT - vedtak:**

Detaljplan for Snekkevika vert godkjent for utlegging til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Før utlegging må følgjande endrast:

1. Planområdet må utvidast slik at det dekkjer det området som ligg i gjeldande reguleringsplan frå 1985.
2. Punkt 2.7 må ut av føresegnene då det berre er gjentakning av det som allereie er del av lov om kulturminne.
3. Punkt 5.5 og 5.6 om turveg må presiserast.

Grunngjeving av vedtaket er at planframlegget er i tråd med overordna plan for området.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

#### **Vedlegg:**

Plansak 12602011000500 detaljplan - Snekkevika - oversending av justert planframlegg

Plansak 12602011000500 - detaljplan - Snekkevika - revidert planframlegg

Planskildring Snekkevika\_14.05.14

Føresegner Snekkevika\_2014

p11065 Snekkevika plankart 14.05.2014

Merknadsoppsummering med kommentarar

Illustrasjonsplan gangstiar snekkevika\_15.05.14

Reguleringsplan for Snekkevika gnr. 64 bnr. 34 - Justert planframlegg - Radøy kommune - Trekking av motsegn